

NVE-ja vil utløysa nye krav frå Luster

■■ Lova krav under synfaringa ■■ Vera tett på

VIGDALEN: Ein million kroner lovar Statkraft i kompensasjon for ei ny Vigdølautbygging.

– Kommunestyret har sagt nei til utbygginga, men går det mot ei ny utbygging vil det vera viktig å ta vare på interessene våre, sa ordførar Ivar Kvalen (Sp) etter synfaring.

Ute følarar

På synfaringa deltok ordførar Ivar Kvalen og landbrukssjef Steinulf Skjerdal. Med seg hadde dei fleirtalsvedtaket i Luster kommunestyre som seier nei til å byggja ut Vigdøla slik Statkraft har søkt om.

– Om det likevel går mot ei utbygging, er det viktigaste å ta vare på interessene til kommunen og innbyggjarane våre sett opp mot fleirtalsvedtaket, seier Kvalen. Han strekar under at kommunen i månadene framover vil ha ute følarar og vera tett på NVE, og for å sjå om Statkraft får konsesjon til å byggja ut Vigdøla.

Liggja tett på

På synfaringa vart det opplyst at først ut på etterjuls-vinteren og fram mot våren vil innstillinga frå NVE vera klar. Innstillinga går til Olje- og energidepartementet (OED) og Kongen i statsråd gjer vedtaket om det vert gjeve konsesjon eller ikkje.

– Me må liggja tett på NVE. Er saka skrive og sendt til OED, er det vanskeleg å få endra ei innstilling. Me har ei viktig tid framfor oss no, seier Kvalen.

– Eg er fullt klar over at



SET KRAV: – Dersom det vert gjeve konsesjon til å byggja ut Vigdøla, er det viktig oss er det viktig å ta vare på interessene både i kommunen og folk, var bodskapen frå landbrukssjef Steinulf Skjerdal t. v. og ordførar Ivar Kvalen på synfaringa.

Vigdøla er ei lukrativ utbygging for Statkraft. Anleggs-kostnadene er låge. Statkraft eig fallrettane i elva, men me vil ikkje ha ei ny utbygging som tek endå meir av vatnet i elva. Den store lokale motstanden seier sitt, seier Karin Bakke, leiar i Grendalaget.

Viktig ressurs

Frå Svartamyrtjønni skal det byggjast tunnel ein 1,4 km lang tunnel og føra vatnet ned til Jostedal kraftverk. Massen som vert teken ut til verta køyrd til ein tipp på Ormbergstølen, her massen vart lagd etter den førre utbygginga.

– Tippen vil utgjera 55.000 kbm, og me vil forlenga tippen som er der i dag, opplyste Anders Korvald, Statkraft, på synfaringa i Vigdalen.

– Tunnelmasse er ein ressurs. Kommunen er oppteken av at tunnelmassen vert brukt og frakta nærare Gaupne. Kan det vera aktuelt for Statkraft, spurde Steinulf Skjerdal, landbrukssjef i Luster kommune.

Elva er gjerde

– Elva som gjerde er viktig for oss gardbrukarar. Me vart lova at elevane framleis skulle fungera som gjerde, sa

Bjørn Urdahl, og fortel at frustrerte gardbrukarane på Lustrasida over at det naturleg gjerdet forsvann i den førre utbygginga.

– Korleis kan ein tru på ein slik utbyggjar, seier Urdahl.

Plaster på såret

Grunneigarane i Vigdalen er ikkje åleine om å vera opptekne av at Vigdøla skal fungera som gjerde.

– Me er òg opptekne av at ulempe etter den førre utbygginga. Gjerdeeffekten er borte på seinsommaren. No er det planar å byggja ein jordbruksveg. Kan Statkraft

tenkja seg å vera med på å byggja vegen som eit plaster på såret, spurde Steinulf Skjerdal, men han fekk ikkje svar på det spørsmålet.

– Dersom Statkraft får konsesjon til å byggja ut Vigdøla for andre gong, må kommunen setja fram krav òg når det gjeld vegen opp i Vigdalen, og det bør vera portal i tunnelane, seier Svein Jarle Vigdal, ein av grunneigarane i Vigdalen.

Sigrid Svartefoss
sigrid.svartefoss@sognavis.no

Sjå www.hjortesenteret.no

Verdas beste kjøtt - frå norsk natur

Opplev gleda i å behandle viltkjøtet slik det fortener

Feltkontrollørkurs 28. august: Florø. Bli sertifisert til å godkjenne hjortekjøtt for sal til butikkar, restaurantar og private.

«Hjort 2012» 28.-30 august: fagseminar, Florø. Årets seminar er retta mot grunneigarar og jegerar. Tema: «Er gullalderen over? – Lær å styre bestanden i ei ny tid»

Parteringskurs 7. september: Alver Hjort (Knarvik) Dagskurs i nedskjering. Kurset omfattar ikkje slakting og utvomming. Fokus på kreativ partinering – slik kokkane gjer det.

Slakte- og parteringskurs 8. september, jentekurs Alver Hjort (Knarvik). Alt i slakting og partering på én dag. For jenter, men gutar kan og melde seg på.

Slakte- og parteringskurs 14.-16. september: Svanøy. Djupdykk i kjøttbehandling på Norsk Hjortesenter. Slakting, utvomming og full nedskjering. Fullpensjon på ærverdige Svanøy Hovedgård.

Spekepølsekurs 26. oktober: Alver Hjort (Knarvik). Lær å lage spekepølse med mjølkesyregjæring. Kurshaldar: Magnhild Dyrdal

Spekepølsekurs 11.-13. november: Svanøy. Lær å lage spekepølse med Mjølkesyregjæring. Djupdykk over fleire dagar. Kurshaldar: Magnhild Dyrdal



Vi held alle typer kurs på bestilling. Vakuumeringsutstyr, pølsestapparar, sous-vide-maskinar og slaktarutstyr frå tyske LANDIG vert demonstrert og seld på alle kursa.

Sjå meir informasjon og detaljar, og følg med i vår kurskalender på www.hjortesenteret.no Kvalitetsverktøy for jegeren og kjøtskjeraren finn du på www.svanoybutikken.no

